

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.05.2017

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av V, H, Frp og Sp fram slikt forslag:

1. «Hordaland fylkeskommune går ikkje mot løyve til utbygging, men stiller krav om slike avbøtande tiltak:
 - Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.
 - Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje koma i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å koma i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka, og det bør leggast stadeigen jord i vegskulder.
2. Sidan planlagd kraftstasjon vert liggjande i eit heilskapleg kulturmiljø, ber Hordaland fylkeskommune i tilfelle utbygging om at det vert sikra god terrengrøllpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.
3. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldige jordlag eller konstruksjonar som kan vera automatisk freda, må ein straks melda frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått melding om funn.»

Røysting

Andersland sitt forslag fekk 7 røyster (V, H, Frp, Sp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune går ikkje mot løyve til utbygging, men stiller krav om slike avbøtande tiltak:
 - Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.
 - Opparbeiding av ny veg må utførast skånsamt i terrenget og ikkje koma i konflikt med kulturminne i landskapet. Ny veg bør unngå å koma i konflikt med den gamle bygdevegen. Det bør ikkje gravast ut massar frå kulturmarka, og det bør leggast stadeigen jord i vegskulder.
2. Sidan planlagd kraftstasjon vert liggjande i eit heilskapleg kulturmiljø, ber Hordaland fylkeskommune i tilfelle utbygging om at det vert sikra god terrengrøllpassing og at farge og materialbruk på bygning ikkje verkar skjemmande på kulturmiljøet.
3. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom det i samband med arbeid i marka kjem fram funn, svarte trekolhaldige jordlag eller konstruksjonar som kan vera automatisk freda, må ein straks melda frå til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått melding om funn.